

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 35/2010

av 12. mars 2010

om endring av vedlegg XIX (Forbrukarvern) til EØS-avtala

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg II til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 86/2009 av 3. juli 2009⁽¹⁾.
- 2) Europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/22/EF av 23. april 2009 om nedlegging av forbod med omsyn til vern av forbrukarinteresser⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Direktiv 2009/22/EF opphevar europaparlaments- og rådsdirektiv 98/27/EF⁽³⁾, som er teke inn i avtala og difor må opphevast i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg XIX til avtala skal ny tekst i nr. 7d (europaparlaments- og rådsdirektiv 98/27/EF) lyde:

"**32009 L 0022:** Europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/22/EF av 23. april 2009 om nedlegging av forbod med omsyn til vern av forbrukarinteresser (EUT L 110 av 1.5.2009, s. 30)."

Artikkel 2

Teksta til direktiv 2009/22/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

⁽¹⁾ TEU L 277 av 22.10.2009, s. 38, og EØS-tillegget til EUT nr. 56 av 22.10.2009, s. 16.

⁽²⁾ TEU L 110 av 1.5.2009, s. 30.

⁽³⁾ TEF L 166 av 11.6.1998, s. 51.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 13. mars 2010, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfërda i Brussel, 12. mars 2010.

For EØS-komiteen

A. Seatter

Formann

(*) Forfatningsrettslege krav oppgjevne.